



Til Styringsgruppa i Bypakke Nord- Jæren
v/Stine Haave Åsland
bymiljopakken@statensvegvesen.no

Ryfylke den 08.10.2018

Ryfast og bom ved Bybrua

Ryfylkerådet er bekymra for at ein større del av Ryfast-rekninga fell på Ryfylke, om Stavanger får gjennomslag for å snu bommen på Bybrua.

Utbyggingskostnadene knytt til Hundvågtunnelen utgjør 30% av den samla kostnaden. Etter at prosjektet er åpna for trafikk, er det rekna med at bompengainntektene i Hundvågtunnelen vil utgjera 20 % av bompengainntektene. Dette viser at reisande mellom Ryfylke og Hundvåg får overført kostnadene som burde låge på reisande mellom Hundvåg og Stavanger. Om det nå åpnast for at Bybrua blir bomfri fra Hundvåg til Stavanger, fryktar vi at denne skjeivheten i fordeling av kostnader blir enda større. Dette meiner vi er svært urettferdig.

Ryfylke har i mange år ønska ein fastlandsforbindelse. Men det har ikkje vært eit uttrykt ønske frå Ryfylke at fastlandsforbindelsen fra Ryfylke skulle komme opp på Hundvåg. Dette har vore eit ønskje frå Stavanger.

Ryfastprosjektet har gitt Stavanger muligheter til auka bustadbygging på Hundvåg. Det er ikke rettferdig at reisande frå Ryfylke skal finansiere konsekvensane av bustadbyggingen i ein bydel i Stavanger. I Prop. 109 S står det: «*Dersom trafikklekkasjen fra Hundvågtunnelen til Bybrua blir vesentlig, forutsetter Samferdselsdepartementet at lokale styresmakter innfører trafikkregulerende tiltak*». Vi meiner at bomfritak over Bybrua er ein trussel for finansieringa av Ryfast-prosjektet. Vi ber derfor styringsgruppa vise ansvarlighet med omsyn til nedbetaling av Ryfast og behalda bominnkrevjing og på Bybrua i retning Hundvåg – Stavanger.

Med helsing

Bjørn Laugaland
Rådsordfører og ordfører i Hjelmeland
kommune

Irene Heng Lauvsnes
Ordfører i Strand kommune

Bjarte S. Dagestad
Ordfører i Forsand

Gerd Helen Bø
Ordfører i Suldal kommune

Asbjørn Birkeland
Ordfører i Sauda kommune

Geir Ims
Dagleg leiar
Ryfylke IKS

Kopi:
Stavanger Aftenblad, Strandbuen, NRK Rogaland